

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Fylke: Møre og R.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Dalsfjord

Emne: *Lauving.*

Bygdelag:

Oppskr. av: *Sv. Lyngnes*Gard: *Steinsvik*(adresse): *Steinsvik*

G.nr. 131 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Eiga røynsle og frå eldre folk.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Lauvinga er det no for det aller meste slutt med. Berre på dei mindre bruka tek dei enno litt lauv om sommaren. Inntil for 20-25 år sia var det vanleg å lauve. Ikkje noko oppsving i lauvinga under siste krig. Lauvet var rekna som godt attåtfor, serleg åt smale.
2. Lauvinga stelte ein med frå jonsok (St. Hans) og utover til slåtten byrja. Det heitte å laue eller lauing i og med at lauv i dialekten her har stum v. Bjørk- og hassel-lauv var rekna for det beste, også rogn og osp, men det er her mindre av. Bjørkelauvet tok ein ^{og selje} helst av tre som ein elles fellte for bork og never. Hassel-lauvet ved å skjere årskvistene som var lauvrikast. Or-lauv var rekna som ubrukande.
3. Til lauving bruka ein oftast vanleg sigd. Ljå kunne og nyttast, men var helst for veik, og ville gjerne gå sund. - Risping av lauv var ikkje vanleg, men mange rispa lauv av hasselrenningane til grisemat utetter sommaren. Slikt rispalaug gøynde ein ikkje, men nytta det etter kvart. Stundom rispa ein og lauv av selje. Ein hadde ingen ting på handa til dette arbeidet.
 "Som smågut kan eg enno sjå føre meg grannekona i slåtten når ho skulle heim til måla, serleg midt-morgon (kl 9) kor ho stod og rispa lauv av hasselkjerra, fyllte det kvite forkleet, til mat åt grisen. Dette var dagleg, heile sommaren utetter." (Sv.L)
4. Delvis svara på under 2. Serleg selje saga ein av eit stykke opp-på. Det voks då ut rikeleg greiner som seinare gav mykje lauv. Noko sers namn på slike tre har eg aldri høyr, heller ikkje at dei hadde serleg stort verd.

5. Lauvet vart alltid k j e r v a med skiftesvis topp og stykk,slik at der vart toppendar med lauv på i begge endar av l a u k j e r v e(t). Dei vart aldri turka i hesjar,men lagde utover i sola,eller reiste opp ved steinar,steingjerde,vegger o.likn. Det måtte aldri kome regn på dei,elles vart lauvet øydelagt. Ein måtte elles passe på å lauve berre i opplett ver. Lauvkjerva måtte ikkje vera for tørre. Var det altfor varmt i veret,turka ein dei best inne i løa, som på den tid var tom og hadde rikeleg plass. Men dei måtte vera godt b ò k n a (halvtørre) før ein la dei i lad. Det var alltid inne i løa,på ein hjell, eller trodlemmen (der ein elles hadde hesveden. Lauvstakk har aldri vore bruka. Heller ikkje veit ein om surlauv - rakelauv - til før.
6. Lauvkjerva vart frakta-heim rå,antan på ryggen eller med hest. Ei lauvbør for ein vaksen mann var på 30-40 kjerv - alt etter som vegen var.
7. Ein tok lauv der det var lettast tilkomeleg,først og fremst på innmarka,men og i utmarka. Karane hogg tree,kvista av greinene og frakta kjerva heim. Kvinnene hogg toppane av greiene og kjerva dei.
8. Opp-bevaringa svara på under 5. Lauvet var for seg og ikkje blanda med høyet. Det var sauene som fekk ~~lauvet~~ lauvet, stundom og geiter, ein gong om dag,og eitt kjerv til kvart dyr. Kvaistene som var att vart bruka til brenneved.
9. Svara-på-under-3. Lauv av bjørk,hassel,rogn og selje var rekna som retteleg godt før.
10. Svara på under 3.
11. Alt ukjent, også 13,14 og 15.

B.

1. Noko sers namn på raka lauv veit ein ikkje herfrå. Slikt lauv var elles ikkje bruka til før,men til strøy under smalen.
2. Altslag lauv rakar ein saman med rive til strøy.
- 4,5,6. Det vart bore heim i sekker,og lauvraking var helst kvinnearbeid. Oppbevart i bing i løe eller fjøs.
- 7,8,9, Rakelauv var ikkje rekna som før,og ein veit ikkje av at det har vore bruka slik heller.